

Informasjon om reinsjakt på Ullensvang statsallmenning 2019

Jakttid og reglar:

Jakttid frå og med 10. august til og med 22. september 2019.
Nattefreding mellom kl. 1900 og 0700.

Jegerar må elles forhalda seg til alle offentlegrettslege reglar med omsyn til krav for å gå på storviltjakt. Du skal ha med deg:

- Jaktkort
- Våpenkort
- Dokumentasjon på betalt jegeravgift og avlagt skyteprøve
- Evt. avtale om jaktlag

Fredingssoner:

På Ullensvang statsallmenning er det etablert fredingssoner der all jakt er forbode. Sjå kartvedlegg. Fredingssonene gjeld i perioden 10. august til og med 15. september. Frå og med 16. september og ut jakta er fredingssonene oppheva.

Samjakt:

- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har inngått gjensidig samjaksavtale med alle private vald i Ullensvang og Odda, som gir jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning (HA 281 eller HA 282) rett til å bruke kort frå private vald i Ullensvang og Odda på Ullensvang statsallmenning **frå og med 2. september og ut jakta**. Jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning (HA 281 eller HA 282) kan bruke korta på dei private valda i Ullensvang og Odda i same periode.
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har inngått gjensidig samjaksavtale med Røldal fjellstyre frå og med 9. september og ut jakta. **Jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning kan bruke korta på Røldal statsallmenning (HA 280) frå og med 9. september og ut jakta.**
 - **Fredingssone på Røldal statsallmenning: Fram til og med 15. september er det fredingssone/jaktfri sone mellom Eltarnuten, Uranuten og innosen til Store Uravatnet. Sjå vedlagt kart.**

Skrantesjuka (CWD):

Jegerane på Hardangervidda er pålagt å ta hjerne- og lymfeprøve av alle felte dyr. Prøvetakingsutstyr blir delt ut i lag med korta. Metoden for prøvetaking og info om innsending av prøven er skildra i papira som ligg i lag med prøvetakingsutstyret. Sjå også info på denne nettsida: <http://www.villrein.no/cwd/>

NB: Fjellstyret eller oppsynet skal IKKJE ha tilsendt/levert prøvar. Dette kan berre leverast gjennom ferdigfrankert konvolutt som følgjer med prøvetakingsutstyret.

Transport:

Villreinjegerar med gyldig fellingsløyve kan nytte fly eller helikopter til transport frå og med tre dagar før reinsjakta til og med tre dagar etter reinsjakta. Det er fastsett egne vatn det kan landast på til dette føremålet, her kan helikopter lande innanfor ein avstand på 100 meter frå vatna. Vatna det kan landast ved på Ullensvang statsallmenning er:

- Litlosvatn
- Kvennsjøen
- Øvsta Krokavatnet
- Nedsta Krokavatnet
- Øvsta Bjørnavatnet
- Nedsta Bjørnavatnet
- Midtre Grøndalsvatn
- Velte Valgardsvatn
- Store Valgardsvatn
- Holmavatnet

Det er mogleg å få transport både inn med utstyr og ut med kjøt med traktor på strekninga Hansbu-Tinnhølen. Liste over traktorsjåførar som har løyve blir lagt ut på [heimesida](#) før jakta. Det er opp til kvar enkelt jeger å ta kontakt med traktorsjåfør for å avtale transport.

Telting:

Det er fastsett egne teltplassar for villreinjegerar, med eventuelle hjelpemannskap. Ein dag før og under villreinjakta kan ein kun telte eller slå leir på fyljande stadar:

Hansbu før bekken	Raudåna
Hansbu v/naustet	Belebu
Litlos	Bjørnavassbu
Belebotn	Kortmark
Nybu v/Håvardsvatn	Persbu
Øvsta Krokavasshallet	Nordsida av Midtra Grøndalsvatn
Holmavatnet	Torehytta
Hovlandsstølen	Tyssevassbu
Ysteinsbu	Langavatnet, ved Odda fjellstyre si hytte

Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenningar:

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1987-11-06-897>

Vedtak gjort av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning i sak FUS 27/18 i møte 15.5.2018:

http://hardangervidda-fjellstyra.no/index.php?pagePreview=1&p=1_118

Merka dyr:

På Hardangervidda går det nokre dyr med klave rundt halsen. Klaven kan ha ulike fargar, men er lett synleg. I denne klaven er det montert GPS-utstyr som gjer at forvaltninga og forskinga kan fylgje dyra. Denne informasjonen er svært viktig for forvaltninga av reinstamma på Hardangervidda. Sidan det er svært dyrt og belastande for dyra å setja på slike sendarar må det ikkje skytast slike dyr. Skulle det likevel skje må sendaren takast vare på utan å skada denne. Den må leverast til oppsynet. Det same gjeld om ein slik sendar vert funnen i terrenget.

Kortreturordning:

Odda fjellstyre har fyljande kortreturordning i 2019:

- 50% refusjon på innleverte kort innan 1. september (som blir selt vidare til full pris)
- 25% refusjon på innleverte kort etter 1. september (som blir selt vidare til halv pris)
- Korta blir selt til full pris fram til og med 1. september, deretter til halv pris
- Føresetnaden for refusjon er at fjellstyret får selt korta vidare Korta blir berre selt vidare til dei som er tildelt kort (og eventuell varaliste innanbygds dersom ikkje alle blir tildelt kort før jakta).
- Før jakta blir jegerane bedt om å melde frå om dei er interessert i å kjøpe kort i løpet av jakta. Dei som melder seg blir kontakta om ledige kort i løpet av jakta.

Korta skal sendast til Odda fjellstyre, Postboks 369, 5751 Odda (eventuelt leverast på Joker Skarsmo). Send samtidig ein e-post til odda@fjellstyrene.no der du skriv kva for eit kontonummer fjellstyret skal sende refusjon til.

Kontaktinformasjon:

Odda fjellstyre: odda@fjellstyrene.no

Fjelloppsyn/sekretær Steinar Lund: 482 70 778

Fjellstyreleiar Eivind Tokheim: 936 36 502

Airlift: 53 66 64 40

Fjellfly: 452 06 888

Fonnafly: 51 22 77 80

Skandinavian Skies: 941 22 208

Hardangervidda Fjelloppsyn: 902 13 630

Oppsynssentralen Skinnarbu: 815 32 450

Korta skal vera Odda fjellstyre v/sekretær i hende seinast 5 dagar etter jaktslutt. Korta sendast til: Odda fjellstyre, Postboks 369, 5751 Odda, eller leverast på Joker Skarsmo.